

## Tokagjelet !

1.

Du blåsvarte, varg-ville Tokagjel,  
der lufti med undring og otte er svanger. -  
Du minner om vegen til sjølve Hel,  
og ei om ein port til det fagre Hardanger.  
Der kvamskogen endar Duropar: "Gjev gaum!"  
med röyst som eit skrik i ein gruveleg draum.

2.

Med glisande tanngard og ope svelg  
Du gløyper ein foss som frå fjellviddi skunder -.  
Hans veg gjennom slukhalsen er 'kje fjelg:  
frå ufser og svart-gjel med brak og med dunder -.  
Men stundom der skin over nedvegen hans  
ein mang-lita, ov-fager regnbogeglans.

3.

Her vegen langs flogbratte fjellsidor gjeng,  
med fælslege trollgap og ovdjup innunder.  
Det stundom ser ut som i lufti han heng,  
og ferdi byd ofte på spanande stunder --.  
Frå svimrande bråstup på yttarste hjell  
han bergar seg inn i ein liten tunell.

4.

Men fjellkjeften vidar seg stendig ut  
til nye og hildrande eventyrsyner --.  
Det fagraste utsyn me fær til slutt :  
Mi sann openberring vår gjennomferd kryner -,  
me stend på eit breidabliks trygge grunn,  
og skimtar Hardanger kring Norheimssund.

Johs. M. L. Rydland.

Skrive og sendt til vagen den 7/9. 1953.

M. L. Rydland